



Teknisk forvaltning

Referansar:

Dykkar:

Vår: 18/1042 - 18/11332

Saksbehandlar:

Ingrid Didriksen

ingrid.didriksen@radoy.kommune.no

Dato:

30.07.2018

Byggesak Gbnr 45/1/54 Manger - paviljong - kommentarar til klage på vedtak om løyve til tiltak

Vi viser til klage på vedtak motteke den 02.07.2018 av Teknisk forvaltning. I dette brevet ønskjer vi å ta stilling til kommentarane som naboen har kome med.

Første punkt i klagen omhandlar at kommunen ikkje kan vere sjølvbygger i høve til sakshandsamingsforskrifta. Vår kommentar er at tiltaket er midlartidig og utan ansvarsrett.

Når det gjeldt punkt nummer to om at det ikkje er utarbeida reguleringsplan for tiltaket sin dispensasjonssøknad, er dette ikkje nødvendig. Ein dispensasjon krev ein grunngitt søknad. Det er ikkje krav til utarbeiding av ny reguleringsplan når det dispenserast.

Når det gjeldt kommentar om offentlege føresegner er det usikkert kva for punkt det vert vist til her.

Inngrepet i terrenget på tomta er ikkje permanent og er reversibelt. Dette punktet er elles svart ut i samband med tidlegare naboklage.

Friområde vil verta redusert i omfang i ein to års periode. Arealet det dispenserast frå er på om lag 270 kvm, mens teigen friområde ligg på er på om lag 8000 kvm. Etter vår vurdering er det tilstrekkelig areal med friområde i nærleiken.

De trafikale utfordringa nemnt i klaga er svart ut i samband med tidlegare naboklage. Det same er punkt om sti gjennom området.

Radøy kommunens entreprenør for montering av paviljong har vurdert tilkomstveg til tiltaket, og har vurdert det slik at vegen er egna med god sikring under transport av paviljongen.

Med helsing

Ingrid Didriksen

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Prosjektleder

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Kopi til:

Einar Færø

Mottakarar:

Teknisk forvaltning